

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesordførar viser til interpellasjon frå Astrid Aarhus Byrknes (KRF) som handlar om vedtakskompetanse for fellesnemnda og vidare politisk prosess knytt til PS 56/18 «*Inntak i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune – overordna prinsipp for inntak – DP 1.5.*».

Fylkesordførar er samd med interpellanten i at fellesnemnda skal leggje til rette for samanslåinga. I nokre tilfelle vil det å leggje til rette for samanslåinga også krevje politiske vedtak før det nye fylkestinget er konstituert. I RS 35/2018 fekk Fellesnemnda i møte den 16.11.2018 ei referatsak om «*Reglement og kompetanse for fellesnemnda*».

Fellesnemnda har i tidlegare sak gjort vedtak om at det skal vere felles inntak til vidaregåande opplæring for skuleåret 2020/2021. Saka for fellesnemnda i desember 2018 hadde primært til hensikt å få fastlagt rammene for dette skuleåret, då avklaring her ikkje kan vente til det nye fylkestinget er konstituert. Når prosjektleiar kjem tilbake med sak om tal inntaksområde og geografisk avgrensing av desse til fellesnemnda våren 2019, er det for å få avklart rammene for skuleåret 2020/2021. Det vert og lagt opp til ein vidare prosess for framtidige skuleår som ivaretak interpellanten si forventning til politisk prosess.

Overgangen til ny fylkeskommune reiser ei rekke kompetansespørsmål. Som leiar også av fellesnemnda vil fylkesordførar be prosjektleiar gje ein orientering til fellesnemnda i mai om «Forholdet mellom dei to noverande fylkeskommunane og Vestland fylkeskommune – før konstituering og etter konstituering fram til 1.1.2020».